



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad:	Teams
Dato:	01.09.2025
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 28/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 29/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 30/25	Nærøyfjorden verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 01.09.25		2025/537
ST 31/25	Nærøyfjorden landskapsvernområde - søknad om gjenoppbygging av Hortastova - ny handsaming - Svenn Vidar Stegen		2025/8353
ST 32/25	Nærøyfjorden landskapsvernområde - restaurering av kokkehus på skogane - ny handsaming - Arild Dyrdal		2024/16554
ST 33/25	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Skjøtsel på Hausen		2025/12823
ST 34/25	Eventuelt		

ST 28/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 29/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2025/537-14
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 20.08.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	30/25	01.09.2025

Nærøyfjorden verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 01.09.25

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte vedtak sidan sist:

- Løyve til bruk av helikopter i samband med jakt - Morten Nesbø
- Løyve til helikoptertransport av material til Løhaug - Siv Tønder
- Dispensasjon til seismiske undersøkingar langs E16 - Statens vegvesen

Personal

Dei faste forvaltarane er framleis i permisjon og sjukemelding. Og vi går ut i frå at dette vil halde fram utover hausten.

Aron er på plass i Aurland og jobbar 60 % ut året, går deretter over i 100 % eit stykke utover i 2026. Steinar startar i 100 % vikariat 15.september, og vil då jobbe i 6 månader. Han er allereie no inne og jobbar litt på timebasis.

Tor Arne og Alf Erik vil støtte opp ved behov og i ein opplæringsfase.

Økonomi

Til no er det brukt 124.000 av driftsbudsjettet til styret som er på 255.000. Av dette er om lag 40.000 direkte knytt til jubileumsarrangementet i juni.

Vi har og brukt 32.000 av grunnstøtte drift, der er det tildelt 100.000.

Av tiltaksmidlane er 106.000 av 1.200.000 utbetalt. Det aller meste vert utbetalt no utover hausten, etter at ulike tiltak er rapportert og fakturert.



Status på tiltak og tiltaksmidlar

Tiltak og skjøtsel går sin gang, sjølv om vi nok ikkje har so god kontroll og oppfølging på dette som det normalt sett er.

Vi meiner vi har bra kontroll på skjøtselsavtalane. Dei fleste fekk vi i hamn før fellesferien, og nokre landa Aron medan Alf Erik hadde ferie. Ein del er ferdig og rapportert.

Ein del tiltak innan tilrettelegging og informasjon er og utført, både gjennom Miljøpatruljen og ved grunneigarar og andre. Nokre vert og gjennomført av verdsarvparken med økonomisk bidrag frå verneområdestyret.

Brev frå Miljødirektoratet

Miljødirektoratet har sendt eit brev alle nasjonalpark- og verneområdestyra med rettleiing om skjøtsel og fjerning av stiar. Brevet ligg vedlagt til sakspapira.



Arkivsaksnr: 2025/8353-7

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 15.08.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	31/25	01.09.2025

Nærøyfjorden landskapsvernområde - søknad om gjenoppbygging av Hortastova - ny handsaming - Svenn Vidar Stegen

Innstilling frå forvaltar

Svenn Vidar Stegen får løyve til rekonstruere gammal stove på gamle murar på Horten i Aurland. Stova skal rekonstruerast i tråd med tradisjonell byggeskikk, med gamle handverksmetodar og i samsvar med gamle bilete av den opphavelege Hortastova. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første alternativ.

Vilkår for løyvet:

- Stegen må sende inn detaljplaner som skildrar bygningen, utforming og relevante bygningsdetaljar. Desse planane skal godkjennast av Vestland fylkeskommune og Nærøyfjorden verneområdestyre før sjølv bygginga på Horten tek til.
- Dersom byggearbeid ikkje er starta opp innan tre år frå vedtaksdato, må det søkast på nytt.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om gjenoppbygging av Hortastova på gnr 56 bnr 1 i Aurland kommune, datert 25.05.2025
- Vedlegg med prosjektskildring for gjenoppbygginga
- Vedtak i klagesak – Oppføring av fritidsbustad ved Horten (2016)
- Sak i Nærøyfjorden verneområdestyre 25.06.2025 (utsetjingsvedtak)
- Kulturminnefagleg fråsegn - gjenoppbygging - Hortastova - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Aurland kommune, frå Vestland fylkeskommune 08.07.2025.

Søknaden

Grunneigar Svenn Vidar Stegen søkjer om løyve til å gjenoppbygge eit gammalt stovehus på fjellgarden/plassen Horten i Nærøyfjorden landskapsvernområde i Aurland kommune. Han vil bygge opp att ein kopi av den stova som stod på Horten basert på gamle bilete og kunnskap om tradisjonell byggeskikk. Stova skal byggast på dei gamle murane der stova opphavelig stod. Stegen har hyra inn byggmeister Audun Torvaldsen til arbeidet.



Bilete 1. Den gamle stova på Horten, som søkjar ønskjer å gjenskape.



Søknaden er ikkje veldig detaljert. Den inneheld prinsippsskisser og det blir vist til andre restaureringsprosjekt som referanse. Ein del prinsipp blir slått fast i søknaden, men mange detaljar må tilpassast etter kvart. Slik forvaltar tolkar søknaden er det ønskje om å få ei prinsipiell avklaring ut i frå regelverket i verneområdet først, før ein legg ned ressursar i meir detaljert planlegging. Derfor er det ikkje enno sendt søknad til Aurland kommune.

Dei prinsipielle føringane for prosjektet er at stova er tenkt bygd som eit tradisjonelt vestlandsk laftebygg med grunnflate på 5 x 8 meter. Det skal ikkje vere utvendig bordkledning. Bygget skal ha sperretak med «bete» og takvinkel på om lag 34 grader, som rimer med bilete av den opphavslege stova. Vindauga i «empirie-stil» skal ha sprosser og det skal vere torv på taket.



Bilete 2. Prinsippskisse for ny stove på Horten

Prosjektet er avhengig av ekstern finansiering frå tilskotsordningar eller andre bidrag.

Søknaden er vurdert etter:

- Verneforskrift for Nærøyfjorden
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden



Regelverk

Oppføring av bygningar er i utgangspunktet forbode i Nærøyfjorden landskapsvernområde, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Forvaltningsstyresmakta kan, jamfør punkt 1.3, gje løyve til oppføring av nye bygningar i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Det tiltaket som er søkt om her fell ikkje inn under dei føremåla. Det er derfor ikkje heimel i verneforskrifta til å gje løyve til tiltaket, og saka må vurderast opp mot den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. Det er første ledd i paragrafen som er aktuell å bruke her (,i understreking):

§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Søkjar er sjølv ansvarleg for at løyve etter andre regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, er på plass når det er naudsynt. Ein eventuell dispensasjon her frittek ikkje frå krav frå anna lovverk.

Vurdering

Sak om oppsetting av bygg på Horten har no vore handsama fleire gonger i Nærøyfjorden verneområdestyre. Først i 2016 då det vart søkt om å sette opp hytte ved Horten. Verneområdestyret gav den gong løyve til det. Dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane klagar på det vedtaket, og Miljødirektoratet gjorde om det vedtaket slik at løyve vart trekt tilbake. Søknaden no gjeld same søkjar, same område og same paragraf som den gongen, og det er derfor naturleg å sjå til klagehandsaminga og vurderingane frå den gong.

I saker som vert handsama etter nml § 48, må ein først vurdere om vilkåra for å bruke paragrafen er oppfylt. Altso slå fast om tiltaket er i strid med verneføremålet eller om tiltaket kan påverke verneverdiane nemneverdig. Miljødirektoratet konkluderte i 2016 med at oppføring av ein fritidsbustad ved Horten ville kunne påverke verneverdiane nemneverdig, og at vilkåra derfor ikkje var oppfylt. Det var den primære årsaka til at dei gjorde om vedtaket. I tillegg peika dei på at saka kunne skape ein uheldig presedens, og på at det i forvaltningsplanen for området står at det ikkje er lagt opp til at det skal førast opp nye bygningar der kor det ikkje er bygningar frå før.

Når vi vurderer denne saka og samanliknar den med saka som vart avgjort i 2016, so må vi sjå på kva som har endra seg og kva som eventuelt skil sakene. I praksis må det vere endringar i søknad eller nye moment i saka dersom ein skal kunne lande på ein annan konklusjon enn Miljødirektoratet gjorde i 2016. Den gong var det snakk om ein fritidsbustad som skulle plasserast utanfor tunet på Horten. No er det snakk om gjenoppbygging av eit



bygg som tidlegare har stått på Horten, ein slags kopi. Det skal byggast i tråd med tradisjonell og lokal byggeskikk, og ikkje som ein «vanleg» fritidsbustad. Ein annan vesentleg skilnad er at bygget er tenkt bygd på dei gamle murane, der kor stova opphavelig har stått. Når vi skal vurdere om ei sak er i tråd med tradisjonell byggeskikk, og om eit bygg er positivt eller negativt for kulturmiljø og kulturminne, so vender vi oss til fagfolka i Vestland fylkeskommune. Då saka vart handsama 25.juni i år hadde vi ikkje fått fråsegn frå dei, og saka vart derfor utsett. No har vi fått fråsegn frå Vestland fylkeskommune, ved avdeling for kultur og folkehelse (datert 08.07.2025).

Vestland fylkeskommune har skrive ei grundig vurdering der dei bidreg med relevante fakta og kommenterer fleire moment. Eg skal ikkje gjenta alt her, det kan de lese i fråsegna som ligg vedlagt saka. Men eg siterer sjølv konklusjonen frå fylkeskommunen ordrett:

«Vestland fylkeskommune meiner at ei tilbakeføring av Hortastova er eit positivt tiltak ut i frå omsynet til tradisjonell byggeskikk. Som kulturmiljøstyresmakt tilrår vi løyve til ei tilbakeføring av Hortastova på dei opphavlege natursteinsmurane på staden.

Som vilkår for løyve tilrår vi:

- 1. Tiltaket skal gjennomførast med bruk av tradisjonelle material og handverksteknikkar.*
- 2. Detaljplanar for tilbakeføringa skal godkjennast av Vestland fylkeskommune.»*

Vestland fylkeskommune er klare på at dei rår til å gje løyve. Men då som eit prinsippvedtak, der søkjar må sende inn detaljplanar med meir detaljerte skildringar av utforming og byggeskikk. Slik eg tolkar fråsegna er fylkeskommunen positiv først og fremst fordi prosjektet vil vere eit positivt tiltak om ein nyttar tradisjonelle material og byggjeteknikkar. Og at ein dermed er med på å halde desse teknikkane og materialbruken i hevd og tek vare på kompetansen. Det er verdt å merke seg at fylkeskommunen (Sogn og Fjordane) i saka i 2016 rådde frå å gje løyve, medan dei no altso rår til det.

Sjølv om fylkeskommunen som kulturmiljøstyresmakt er positiv, er det dermed ikkje automatikk i at det vert gjeve løyve. Her er fleire prinsipielle spørsmål å diskutere og andre moment som må vurderast. Nye bygningar i Nærøyfjorden landskapsvernområde er strengt regulert, og jamfør både verneforskrift og forvaltningsplan skal lista ligge høgt for løyve til nye bygningar. Det vert og stadfesta ved at saka må vurderast etter unntaksregelen i naturmangfaldlova § 48, som berre skal brukast i særskilde tilfelle. Ein må og ha med seg presedensverknaden av eit eventelt løyve, jamfør naturmangfaldlova § 10 og dessutan god forvaltningsskikk.

Klagesaken frå 2016 er framleis relevant og vi må sjå til dei vurderingane som Miljødirektoratet gjorde der. Dei konkluderte med at oppføring av hytte ved Horten var i strid med verneverdiane og verneføremålet. Unntaksregelen i nml § 48 kunne derfor ikkje brukast i den saka, sidan vilkåra for heimelen ikkje var oppfylt. For at vi skal gjere ei anna vurdering enn Miljødirektoratet gjorde den gong, må vesentlege ting ha endra seg.



I 2016 var det snakk om eit nytt bygg som vart definert som ei hytte, fritidsbustad eller jaktbu. Det var altso snakk om oppføring av nytt bygg utan kulturhistorisk verdi. Miljødirektoratet peika på at det var i strid med verneverdiar og verneføremål, at det ville skape presedens og at føremonene med å gje løyve ikkje var klart større enn ulempa for verneverdiane. Når det no er snakk om rekonstruksjon av eit historisk bygg, er saka ei heilt anna. Vurderingane som er gjort kring fritidsbustad/hytte/jaktbu kan derfor ikkje leggst til grunn, i alle fall ikkje heilt aleine.

Kunnskapsgrunnlaget i saka er veldig solid. Saka vart godt opplyst i dei rundane den gjekk i 2016. I tillegg er kunnskapsgrunnlaget styrka gjennom både vedlegg til søknaden no i 2025 (prosjektskildring) og den nye oppdaterte fråsegna frå Vestland fylkeskommune. Kravet i nml § 8 er oppfylt.

Som sagt er det moment både for og i mot å gje løyve i denne saka. Dei viktigaste argumenta i mot er at oppføring av bygningar i landskapsvernområdet skal vere særskilt strengt regulert og at verken verneforskrift eller forvaltningsplan opnar for oppføring av bygning på Horten. Det tyngste argumentet for å gje løyve er at Vestland fylkeskommune har gått frå å rå i frå dei planane som låg føre i 2016, til å tilrå dei planane som no er lagt fram. Fylkeskommunen er kulturmiljøstyresmakt og dei som vi i verneområdeforvaltninga først og fremst støttar oss på i slike spørsmål. Når fylkeskommunen peikar på dei positive effektane for kulturmiljøet so er kravet om skånsame inngrep i nml § 12 oppfylt.

Som verneområdeforvaltar vurderer eg det derfor slik at dei positive effektane for byggeskikk og kulturmiljø er klart større enn ulempa for verneverdiane. Og at vilkåra i naturmangfaldlova § 48 første alternativ er oppfylt. Og derfor innstiller eg på å gje løyve.

Som fylkeskommunen peikar på so bør det sendast inn detaljplaner som skal godkjennast før bygginga tek til. Det vert og peika på i søknaden og prosjektskissa, at planane enno er litt grove og at meir detaljerte planar og skisser vil kome dersom dei får eit positivt, prinsipielt vedtak. Det er eit viktig vilkår å ha med i vedtaket om det vert gjeve løyve.

Jamfør naturmangfaldlova § 11 vil tiltakshavar vere ansvarleg for opprydding etter byggearbeid og vil og vere økonomisk ansvarleg for eventuelle skader på naturmiljøet. Nml § 9 er ikkje relevant i saka.



Arkivsaksnr: 2024/16554-12

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 15.08.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	32/25	01.09.2025

Nærøyfjorden landskapsvernområde - restaurering av kokkehus på skogane - ny handsaming - Arild Dyrdal

Innstilling frå forvaltar

Arild Dyrdal får løyve til å restaurere to små kokkehus på husmannsplassen Skogane i Aurland kommune. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3.c.

Vilkår for løyvet:

- Husa skal restaurerast med den storleik og utforming dei hadde før dei fall ned, her under:
 - o Grunnflate på om lag 2,8 x 2,6 cm
 - o Mønehøgde inntil 2,5 m
 - o Liggande kledning på langveggar og ståande kledning på gavlveggar
 - o Gjenbruk av bølgeblekk til tak i den grad platene er i brukbar stand.
Ved behov kan det supplerast med tilsvarende bølgeblekkplater.
- Det kan monterast omn i husa med røykrøyr/pipe gjennom taket.
- Dersom kledninga skal overflatebehandlast skal dette godkjennast av verneområdestyret.
- Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av 2027.
- Tiltakshavar er ansvarleg for at det vert rydda opp etter at arbeidet er ferdig. Alt av avfall og overskotsmateriale skal ryddast vekk og transporterast ut av verneområdet.

Tiltakshavar må komme tilbake til verneområdestyret med utfyllande opplysningar om kva dører og vindauge som skal brukast. Dette skal godkjennast av styret før dei vert montert.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om å restaurere to kokkehus/ostebuer på Skogane i Aurland
- Vedlegg til søknaden med utfyllande opplysningar, historikk og bilete
- Saksutgreiing ved første gangs handsaming 25.juni 2025

Søknaden

Arild Dyrdal søker om løyve til å restaurere to bygningar på den gamle husmannsplassen Skogane som ligg ikkje langt frå Dyrdal i Aurland kommune. Her er det tidlegare gjort eit restaureringsarbeid på hovudhuset på plassen, slik at den bygningen no er delvis restaurert og sikra mot vidare forfall. Dyrdal har fått tilskot frå verdsarv-midlar til arbeidet, både det som er gjort tidlegare og det som er planer om å gjere no.

Det som no vert søkt om er løyve til å restaurere to kokkehus eller ostebuer som står på plassen, ved sidan av hovudhuset. Det eine bygget står i dag, det andre er delvis falle ned. Begge bygga har truleg vore brukte til lagring av dei produkta/maten som har vore laga og fordela på plassen.



Bilete 1. Bilete av Skogane slik det ein gong såg ut når der var busetnad og drift. Dei to kokkehusa er ringa inn.



Bygga skal restaurerast slik som dei er (det som står) eller slik som dei har vore (det som har falle delvis ned). Det er små bygg med grunnflate på 2,6 x 2,8 m, og med ei mønehøgde på om lag 2,6 m. Bygningane har liggande kledning på langsidene og ståande kledning på kortveggane/gavlveggane. På taket skal eksisterande bølgeblekkplater brukast om igjen so langt det lar seg gjere. Ved behov vert det supplert med tilsvarande bølgeblekkplater. Reisverk skal vere av rundstokkar av osp. Resten av treverket er furu frå Dyrdal.

Eksisterande grunnmurar skal brukast, ved behov skal dei supplerast med stein frå nærområdet. Ut i frå teikningane ser det ut til at det skal monterast omn og pipe på bygningane. Det eine bygget har pipe i dag, på det andre ser ein at der er hol til piperøyr gjennom taket.



Bilete 2 og 3. Dei to kokkehusa slik dei ser ut i dag (usikker på kor gamle bileta er, men dei er ikkje eldre enn 2014).

Dyrdal har hyra inn restaureringshandtverkar Bjørn Ståle Vike til arbeidet, både planlegging og gjennomføring.

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden
- Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap (Vestland fylkeskommune)

Regelverk

Nærøyfjorden landskapsvernområde er verna mot inngrep og tiltak som kan endre landskapet sitt særpreg og karakter. Mellom anna gjeld det større tiltak på bygningar som gjer til at deira påverknad på landskapet vert endra, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 1.1.



For å finne ut kva regelverket seier meir detaljert om tiltaket, so må vi definere nærmare kva det faktisk går ut på. Verneforskrifta seier ikkje noko om restaurering, men der er føresegner for mellom anna oppføring, riving, ombygging og påbygging. Når det her er snakk om å restaurere bygningar som står der allereie, so er det per definisjon ikkje nybygg eller oppføring av nye bygg. Det er heller ikkje påbygging, sidan bygga ikkje skal utvidast.

Derimot kan vi seie at tiltaket fell under definisjonen ombygging. Gjennom restaureringa vert utsjånaden vesentleg endra frå slik som bygga er i dag og har vore i mange år. Det mest nærliggande vert derfor å handsame saka etter verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c:

1.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:

[...]

c. Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Byggesaker vil ofte trenge løyve etter plan- og bygningslova (pbl). Der er det kommunen som er forvaltningsstyresmakt, og eit eventuelt løyve frå verneområdestyret set ikkje det kravet til sides på noko vis. Det er søkjaren sitt ansvar å sjekke om tiltaket treng løyve etter pbl, og å få dette på plass dersom det trengs.

Vurdering

Denne saka har vore lagt fram for verneområdestyret tidlegare. Det var skrive saksutgreiing til det styremøtet, som ligg vedlagt til saka. Eg tek ikkje opp att dei faktaopplysningane og vurderingane som står i den saksutgreiinga, dei kan de lese der.

Saka vart utsett på møte 25.juni, då styret ville ha meir informasjon rundt kulturhistorisk verdi og kva som låg bak tildeling av tilskot frå fylkeskommunen til restaureringa. Sidan førre møte har ein av forvaltarane vore i kontakt med Hallvard Trohaug i Vestland fylkeskommune. Han opplyste om at fylkeskommunen har vurdert ostebuene på Skogane til å ha verdi som kulturminne. Han synte og til Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap der Skogane og bygningane er omtalt. I følgje den planen ligg ostebua/ostebuene i kategori 1, altså høgaste prioritering (sjå utklipp)



Dyrdal	1		Omtale: 10.4 Bygningsmiljøet på Dyrdal Omtale: 9.15 og vedlegg 1
		1	Ostebu på Skogane gb.nr. 67/9 Omtale: vedlegg 1
		1	Stølshus på Hjølmo gb.nr. 58/2 Omtale: vedlegg 2
		1	Drægo sitt sel på Løhaug gb.nr. 69/1 Omtale: vedlegg 1

Bilete 4. Utklipp frå Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, side 20. Ostebu på Skogane har 1.prioritering (3.kolonne).

Med dei opplysningane frå Vestland fylkeskommune og det som står omtala i restaureringsplanen so meiner forvaltarane at vi har fått svar på dei spørsmåla som styret hadde i styremøte i juni. Innstillinga i det møtet var positiv, og forvaltarane meiner at dei nye opplysningane styrkjer den vurderinga og innstillinga. Vi står derfor på den same innstillinga som vi hadde då, men med ein noko lenger frist for gjennomføring sidan sakshandsaminga har trekt ut i tid.



Arkivsaksnr: 2025/12823-1

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 15.08.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	33/25	01.09.2025

Nærøyfjorden landskapsvernområde - Skjøtsel på Hausen

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har ikkje innstilling i saka. Dette er ei vurdering og prioritering som er opp til politikarane å gjere etter skjønn.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Den 1.juni i år vart det ein tur til den gamle, nedlagte garden Hausen. Hausen ligg i Lærdal kommune og inne i Bleia naturreservat. Med på turen var mellom anna Magnhild Aspevik frå Lærdal kommune og biolog Geir Gaarder. Det vart orientert om tidlegare drift av garden, og det vart formidla om artar i furuskog og ulike funn som vart gjort på turen. Mellom anna vart det funne raudflagre, som er ein indikatorart for kalkfuruskog.

Innmarka på Hausen er i ferd med å gro att. Skal ein stogge denne prosessen, er det naudsynt med slått. Det bør helst slåast allereie no i 2025, og deretter i fleire år framover.

Det er Lærdal Fjellstyre som er grunneigar. Dei er positive til skjøtsel på Hausen. Dei ønskjer eit samarbeid om skjøtselstiltak og at det vert laga ein plan for skjøtsel og stell.

Lærdal kommune oppmoda Nærøyfjorden verneområdestyre om å drøfte skjøtsel på Hausen i styremøte. Kommunen oppmoda om å finne midlar til slått i 2025 og om at det vert laga ein plan for vidare skjøtsel.

Nærøyfjorden verneområdestyre drøfta saka i styremøte 25.juni. Styret bad forvaltar om å førebu ei styresak om skjøtsel på Hausen og legge den fram for styret ved neste høve.



Fakta om Hausen

Hausen er ein gammal, fråflytta husmannsplass som ligg eit stykke oppe i lia mellom Revsnes og Vindedal i Lærdal. Her var truleg busetnad frå seint 1700-tal/tidleg 1800-tal og fram til om lag 1910. Det var eit noko karrig lite bruk som ikkje var skyldsett, men det var likevel ein viss produksjon her på midten av 1800-talet (storfe, gris, bygg og poteter).

Det står ikkje bygningar på Hausen i dag, berre murar og ruinar.

Regelverk

Hausen ligg inne i Bleia naturreservat, og det er verneforskrifta for Bleia som legg føringane for kva som kan og bør gjerast i naturreservatet. I § 2 står det kva som er føremålet med vern av Bleia naturreservat:

«§ 2. Føremål

*Føremålet med fredinga er å sikre ein lokalitet med urvalmue (*Papaver radicum* ssp. *relictum*) av særleg vitskapleg verdi og eit særmerkt fjordlandskap sin kvartærgeologi med uvanleg storskala ravinar og fjellryggar, og med eit botanisk og urskogprega verdfullt område frå fjord til høgfjell.»*

Verken Hausen eller kulturlandskapet der er nemnd som konkret i § 2, og staden er derfor ikkje ein vesentleg del av verneføremålet i Bleia. Hausen er kulturmark og ein kan derfor heller ikkje seie at den er del av dei «urskogprega verdfulle område frå fjord til fjell». Men, ein kan heller ikkje seie at det er noko i verneføremålet som taler i mot å skjømte kulturlandskapet på Hausen.

Dei konkrete vernereglane står i § 3 i forskrifta. Der vert det slått fast at vegetasjon er freda mot skade og øydelegging, og at det er forbode å fjerne plantar eller plantedelar frå reservatet. Slik sett er slått i utgangspunktet ikkje lov. I § 4 står det derimot lista opp ein del unntak frå vernereglane. Eit av desse unntaka inkluderer skjøtsel (mi understreking):

«Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- 1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Motorferdsel i samband med øving*
krev særskilt løyve.
[...]»

Skjøtsel av kulturlandskap vil derfor vere lovleg i reservatet so lenge det er bestemt av forvaltningsstyresmakta, altså verneområdestyret.

Vurdering


Det er heilt opp til forvaltningsstyresmakta, altså verneområdestyret, om ein vil sette i gang med skjøtsel på Hausen. Det har til no ikkje vore ei prioritert oppgåve, truleg av den grunn at det ikkje er ein del av verneføremålet med naturreservatet. Andre oppgåver og skjøtelsarbeid har fått høgare prioritet. Men som vi har sett i verneforskrifta, so er det ikkje noko formelt i vegen for å drive skjøtsel her dersom det vert bestemt av verneområdestyret.



Styret kan eller bør derfor vurdere om naturmangfaldet på Hausen i seg sjølv er sopass verdifullt og viktig at det bør skjøttast, og at ein derfor bør utnytte dei mogelegheitene ein har i verneområdeforvaltninga, både midlar og andre ressursar. Styret må då og vurdere om ei slik satsing vil gå ut over anna skjøtsel, som per no er viktigare og har høgare prioritet.

Om ein set av midlar til skjøtsel, må ein og finne nokon som kan ta på seg jobben. Vanleg praksis er å først spørje grunneigar, som her er Lærdal Fjellstyre. Om dei ikkje vil ta jobben, men likevel er positive til at det vert utførst skjøtsel, kan ein få jobben gjort gjennom eit tenestekjøp. Dette er sopass låge summar det er snakk om at det ikkje er krav til omfattande anbudsprosess.

Eit moment som har vore trekt fram er at det til no har vore lite skjøtsel i Lærdal kommune sine areal i verneområda som ligg under Nærøyfjorden verneområdestyre. Skjøtselsarbeid på Hausen vil bidra til å fordele tiltaksmidlane utover på fleire område/kommunar/bygdela. Det vil og kunne vere me då auke engasjementet kring skjøtsel i nye område og miljø, og å bygge opp kompetanse og erfaring innan skjøtsel.





Økonomi

Området på Hausen som det er aktuelt å slå er truleg mellom to og tre dekar. Det ligg vanskeleg til om lag 240 meter over havet, knappe 400 meter i luftlinje frå veg. Utstyr som skal brukast i skjøtsel må berast opp, saman med eventuelt drivstoff. Eit grovt estimat tilseier at årleg kostnad kan ligge mellom 4000 og 10.000 kr ein stad.

ST 34/25 Eventuelt